


TENESTESTANDARD

Helse- og omsorgsetaten



Askvoll kommune
2025

Innholdsliste

1	Innleiing.....	3
1.1	Omsorgstrappa.	3
1.1.1	Omsorgstrappa i Askvoll kommune.	4
1.2	Sakshandsaming ved søknadar om helse- og omsorgstenester.....	4
1.2.1	Målsetjing.	4
1.2.2	IPLOS.	4
1.2.3	Rutiner og praksis.	4
1.2.4	Utøving av skjønn.	5
1.2.5	Klage.	5
1.2.6	Forventningar til kommunen i sakshandsaminga.	5
1.2.7	Forventningar til søkjar/tenestemottakar.	5
2	Oversikt over tenestene.....	7
2.1	Trinn 1 – «Eg klarar meg sjølv».....	7
2.1.1	Ergoterapi.....	7
2.1.2	Parkeringsløyve for personar med nedsett forflyttingsevne	8
2.1.3	Fysioterapi.....	9
2.1.4	Tilrettelagt transport.....	10
2.1.5	Frivillighetssentralen	11
2.1.6	Serviceskyss	12
2.2	Trinn 2 – «Eg klarar meg sjølv med litt støtte».	13
2.2.1	Følgjekort	13
2.2.2	Hjelpemiddel	14
2.2.3	Hukommelsesteamet.....	15
2.2.4	Kreftkoordinator.....	16
2.2.5	Matombringning.....	17
2.2.6	Tryggleiksalarm.....	18
2.2.7	Velferdsteknologi	20
2.3	Trinn 3 – «Eg treng litt hjelp».	22
2.3.1	Fritidskontakt.....	22
2.3.2	Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demenssjukdom	24
2.3.3	Dagaktivitetstilbod 18 – 67 år.....	26
2.3.4	Praktisk bistand – daglege gjeremål	27
2.3.5	Praktisk bistand – eigenomsorg	29
2.3.6	Praktisk bistand – opplæring daglege gjeremål	30
2.3.7	Omsorgsbustad	32

2.3.8	Helsehjelp i heimen	34
2.3.9	Psykisk helse- og rusteneste.....	36
2.3.10	Individuell plan og barne-/koordinator.....	37
2.4	Trinn 4 – «Eg er avhengig av hjelp heime».....	39
2.4.1	Avlasting utanfor institusjon	39
2.4.2	Avlasting i institusjon	41
2.4.3	Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	43
2.4.4	Omsorgsstønad	45
2.5	Trinn 5 – «Eg treng meir hjelp ein kortare periode».....	47
2.5.1	Korttidsopphald utgreiing og behandling	47
2.5.2	Korttidsopphald rehabilitering	49
2.5.3	Korttidsopphald anna føremål	51
2.5.4	Døgnoophald i omsorgsbustad med heildøgns tenester	53
2.6	Trinn 6 – «Eg treng hjelp det meste av tida».....	55
2.6.1	Langtidsopphald i institusjon.....	55

1 Innleiing

Denne tenestandarden skildrar kva innbyggjarane i Askvoll kommune kan forvente av dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Standarden byggjer på gjeldande lovverk, nasjonale føringar og kommunale vedtak, og skal sikre openheit og føreseieleg og lik handsaming av brukarar av tenestene.

Helse- og omsorgstenestene i Askvoll kommune er organisert etter LEON-prinsippet (Lågaste Effektive Omsorgsnivå). Dette inneber at tenestene skal bli ytte på det lågaste omsorgsnivået som er forsvarleg og tilpassa brukarens behov. Målet er å leggje til rette for at innbyggjarane kan leve mest mogleg sjølvstendige liv, med støtte frå kommunen der det er naudsynt. Gjennom tidleg innsats, førebygging og rehabilitering skal ein unngå unødvendig bruk av meir omfattande tenester, samstundes som ein sikrar god kvalitet og tryggleik for brukarane.

Målet med tenestandarden er å beskrive omfanget og kvaliteten på tenestene, slik at både brukarar, pårørande og tilsette har ei felles forståing av rettar, plikter og ansvar. Dokumentet gjev oversikt over kva tenester som blir tilbydde, kven som kan få dei, korleis ein søker, og kva ein kan forvente av oppfølging og kvalitet.

I tillegg til å beskrive kva tenestemottakarane kan forvente av kommunen, inneheld denne tenestandarden òg kommunen sine forventningar til tenestemottakarane. For at tenestene skal fungere best mogleg, er det viktig med eit godt samarbeid mellom brukarar, pårørande og tenesteytarar. Dette inneber mellom anna at tenestemottakarane medverkar aktivt i eigen situasjon, nyttar dei tenestene som blir tilbydde på ein hensiktsmessig måte, og gir naudsynt informasjon som gjer det mogleg å tilby forsvarlege og tilpassa tenester.

Askvoll kommune ynskjer å tilby tenester som fremjar meistring, sjølvstende og livskvalitet. Gjennom individuell tilpassing, tverrfagleg samarbeid og brukarmedverknad skal tenestene bidra til at innbyggjarane får den hjelpa dei treng – når dei treng det

Denne tenestandarden vert jamleg revidert for å sikre at innhaldet er oppdatert og i tråd med nye krav og behov.

1.1 Omsorgstrappa.

Omsorgstrappa er ei trinnvis framstilling av dei kommunale helse- og omsorgstenestene, frå ingen hjelp til mykje hjelp. Prinsippet bak omsorgstrappa er at tenestene skal vere tilpassa den enkelte sitt behov, og ytast på lågaste effektive omsorgsnivå (LEON-prinsippet). Målet er at innbyggjarane skal kunne klare seg sjølve så lenge som mogleg, men få naudsynt støtte når det trengst. Ved å nytte omsorgstrappa som modell kan kommunen tilby rett hjelp, på rett tidspunkt, til rett person. Dette bidreg til tryggleik, meistring og god bruk av ressursane.

Dei seks trinna i omsorgstrappa er:


1. Ein har ikkje behov for kommunale helse- og omsorgstenester.
2. Ein er heimebuande, og har behov for litt støtte i kvardagen.
3. Ein er heimebuande, og har behov for litt hjelp i kvardagen.
4. Ein er heimebuande, og har eit omfattande behov for hjelp.
5. Ein har behov for heildøgns helse- og omsorgstenester i ein kortare periode.
6. Ein har behov for heildøgns helse- og omsorgstenester heile tida.

Ved å styrke dei lågaste trinna i trappa, som førebygging og kvardagsmeistring, kan ein ofte utsetje eller unngå behovet for meir omfattande tenester.

Figuren nedanfor syner Askvoll kommune si omsorgstrapp, og kva for tenester som høyrer til under kvart trinn i trappa. I kapittel 2 i dette dokumentet vert dei ulike tenestene beskrive med mellom anna målsetjingar, kriteriar for tildeling, kva tenestene inneheld, kva dei ikkje inneheld, samt

gjensidige forventningar mellom dei som yter, og dei som tek i mot tenestene. Dei to lågaste trinna innheld tenester der det ikkje er behov for personleg bistand, og er illustrert med grønt. Når behovet for personleg bistand gjere seg gjeldande, er ein oppe på trinn 3 eller 4, som er illustrert med gult. Rødt illustrerer dei to siste trinna, og gjeld for personar som har behov for heildøgns helse- og omsorgstenester i institusjon eller i omsorgsbustad, anten på kort eller lengre sikt.

1.1.1 Omsorgstrappa i Askvoll kommune.



1.2 Sakshandsaming ved søknadar om helse- og omsorgstenester.

1.2.1 Målsetjing.

- Sikre søkjar ei individuell og tverrfagleg vurdering av behov for helse- og omsorgstenester.
- Tildele rett hjelp, til rett tid, på rett stad, i rett mengde.
- Støtte opp om den einskilde sine eigne ressursar og eiga meistringsevne i kvardagen, både i og utanfor heimen.
- Hjelp tenestemottakar til å bu lengst mogleg i eigen bustad.
- Tildele tenester i tråd med lågaste effektive omsorgsnivå (LEON), innanfor gitte økonomiske rammer.

1.2.2 IPLOS.

IPLOS står for "Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk". Det er eit register der kommunane samlar informasjon om kva slags helse- og omsorgstenester folk får. Det hjelper med å sikre at tenestene blir fordelt rettferdig og at kommunen kan planlegge betre. Opplysningane som vert sendt er pseudonyme, noko som betyr at dei ikkje direkte viser kven ein er, men kan bli brukt til statistikk og forskning for å betre helse- og omsorgstilbodet. Kommunen nyttar òg IPLOS som eit verktøy i si sakshandsaming.

1.2.3 Rutiner og praksis.

- Tildelingskontoret har ansvar for at alle søknadar vert kartlagt og vurdert, og legg fram tilråding til tildelingsmøte med einingsleiarar.
- Søknad om helse- og omsorgstenester skal handsamast etter aktuelle gjeldande lover, reglar, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkjar.
- Søkjar må bu eller opphalde seg i Askvoll kommune.
- Skriftelege søknadar må vere signert av søkjar. Om andre skal søkje på vegne av den som treng hjelpa, må der ligge ved skriftleg fullmakt.
- Ein søknad kan vere både munnleg og skriftleg.
- Kommunen handsamar òg førespurnadar og meldingar om behov som er meldt frå til dømes sjukehus eller fastlege.

- Sakshandsamar ved tildelingskontoret i kommunen tek kontakt med søkjar/tenestemottakar for ein kartleggingssamtale seinast tre veker etter at søknaden er motteken.
- Det vert gjennomført IPLOS-kartlegging i samarbeid med søkjar og eventuelt pårørande. Behovet for supplerande kartlegging vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.
- Opplysningane som vert innhenta i kartlegginga vert dokumentert, og lagt til grunn i vurderinga av tenestebehov.
- Søknadar og personlege opplysningar vert behandla konfidensielt, og er omfatta av teieplikta.
- Søkjar/tenestemottakar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og plikter, samt god service prega av tilgjengelege og imøtekomande tilsette.
- Ved behov for naudsynt helsehjelp etter sjukehusinnlegging, eller ved akutt behov for naudsynt helsehjelp utan sjukehusinnlegging, vil kommunen vurdere kva tiltak/tenester som skal ytast. Sjukehus kan ikkje bestemme kva tenester kommunen skal yte.
- Vedtak om tenester vert evaluert jamleg. Ved endring av behov skal tenestemottakar gje melding om dette til tenesteytar, tildelingskontoret eller leiar for tenesta.

1.2.4 Utøving av skjøn.

- Dersom søkjar har rett på helse- og/eller omsorgstenester frå kommunen, betyr ikkje dette at søkjar har rett på ei bestemt type teneste.
- Kommunen skal samarbeide med søkjar, og ta omsyn til søkjar sine ønskjer og synspunkt. Kommunen må likevel forvalte og tildele tenester ut frå den totale kapasiteten.
- Kommunen kan òg ta omsyn til økonomiske og administrative tilhøve, og ta omsyn til eigne ressursar ved tildeling og organisering av tenester.

1.2.5 Klage.

- Part i saka, eller partsrepresentant (verje, fullmektig) har rett til å klage på einskildvedtak om helse- og omsorgstenester.
- Klage på einskildvedtak om helse- og/eller omsorgstenester skal vere skriftleg, og sendast til Askvoll kommune ved tildelingskontoret. Om kommunen går klagar imot, vert saka sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.
- Ved andre avgjersler eller vedtak etter forvaltningslova er formannskapet klagenemnd. Klagen skal vere skriftleg, og rettast til tildelingskontoret.
- Part i saka kan få hjelp til å klage.

1.2.6 Forventningar til kommunen i sakshandsaminga.

- Skal gje relevant informasjon om helse- og omsorgstenester i kommunen.
- Held teieplikta.
- Møter søkjar/tenestemottakar med respekt.
- Handsamar søknaden ut ifrå ei individuell og tverrfagleg vurdering, med omsyn til LEON-prinsippet.

1.2.7 Forventningar til søkjar/tenestemottakar.

- Gjev naudsynt informasjon, og samtykker til innhenting av relevante opplysningar frå andre, for ei heilskapleg vurdering og tildeling av tenester.
- Tek imot sakshandsamar eller heimetenesta på kartleggingsbesøk.
- Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket.
- Gjev beskjed ved endringar i behov.
- Gjev beskjed ved behov for informasjon, råd og rettleiing, og ved behov for hjelp til å klage.
- Ved heimetenester har tenestemottakar respekt for at heimen er den tilsette sin arbeidsplass. Dette inneber å sikre husdyr, lufte ut dersom ein røyker inne, og ikkje røyke når tenesteytar er til stades.

- Syter for at vegen fram til bustaden er framkomeleg, og at det er utandørs belysning ved bustaden.
- Gjev tenesteytar tilgang til nøkkel til bustaden.
- Aksepterer tilrettelegging i bustaden, til dømes med hjelpemiddel, og naudsynt ommøblering.

2 Oversikt over tenestene.

2.1 Trinn 1 – «Eg klarar meg sjølv».

2.1.1 Ergoterapi	
Lovheimel	• Helse- og omsorgstenestelova §3-2, pkt. 4, 5 og 6 bokstav a, og § 3-3. • Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator.
Klageveg	• Ja – Det kan klagast på individuell vurdering og behandling. Klage etter pasient- og brukarrettslova §7-2.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei
Eigenbetaling	• Nei
Mål for tenesta	• Ergoterapi vektlegg tidleg innsats, habilitering og rehabilitering. Fokuset er aktivitet, deltaking og meistring som sikrar at fleire kan leve eit aktivt liv lengst mogleg og i sosialt fellesskap. • Ergoterapi set person, aktivitet og omgjevnader i samanheng. • Ergoterapi har ressursorientert tilnærming, med fokus på kvardagsmeistring og å avdekke brukar sine viktighetsområde. • Ved ergoterapi førebygge og/eller reduserer ein vanskar med aktivitetsutføring, sikrar meistring av kvardagsaktivitet og deltaking på ulike samfunnsarenaer.
Kriterium for tildeling	• Ergoterapi skal i samarbeid med tenestene tilby ergoterapi på individ-, gruppe- og samfunnsnivå. • For å få individuell ergoterapi kan du ta direkte kontakt eller bli tilvist gjennom tildelingskontor, lege, institusjon eller anna helseteneste med bakgrunn i at du har utfordring med ein dagleg aktivitet.
Praktiske opplysningar	• Ergoterapeuten arbeider individuelt med brukarar, med gruppe og med større arrangement som temadagar, pårørandeskule (med fleire) og i samarbeid med andre. • Ergoterapeuten jobbar og med kompetanseoverføring og rettleiing av målrette bruk av kvardagsaktivitet til brukar, pårørande og tenesteytar.
Innhald i tenesta	• Hjelpemiddel • Rehabilitering/habilitering • Velferdsteknologi
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.1.2 Parkeringsløyve for personar med nedsett forflyttingsevne

Lovheimel	• Vegtrafikklova § 8. • Forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede.
Klageveg	• Avgjersla kan klagast på, og klaga vert handsama i klagenemnda til Askvoll kommune. Send klaga til Askvoll kommune, og merk klagen med "Parkeringsløyve". • Formannsskapet eller klagenemnd.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei
Eigenbetaling	• Nei
Mål for tenesta	• Gje personar med forflyttingshemming, og som har eit reelt behov for parkeringslette, eit parkeringstilbod.
Kriterium for tildeling	• Tildeling skjer etter søknad til tildelingskontoret. • Det er lagt ved legeerklæring til søknaden. Kommunen kan innhente supplerande medisinsk vurdering. • Søkjar har store vanskar med å bevege seg over noko lengde.
Praktiske opplysningar	• Parkeringsbeviset vert produsert på tildelingskontoret ved Askvoll omsorgssenter. • Ved innvilga parkeringsløyve må søkjar skaffe passfoto. • Søkjar kan vere anten førar eller passasjer. • Løyvet vert gitt for ein avgrensa periode på minimum 2 år og maksimalt 5 år. • Kommunen registrerer løyvet i HC-registeret hos Statens Vegvesen. • Kommunen kan trekke tilbake gitt parkeringsløyve ved misbruk eller ved endra tilhøve som fører til at krava i forskrifta ikkje lenger er tilfredsstillt.
Innhald i tenesta	• Tilgang til å parkere på parkeringsplass reservert for personar med forflyttingshemming over heile landet. • Tilgang til å parkere på avgiftsbelagt kommunal parkeringsplass utan å måtte betale. • Tilgang til å kunne parkere på parkeringsplass med skilta tidsavgrensing frå 30 minutt og oppover med inntil dobbel tid, med unntak av skilta tidsavgrensing på særskilt avsett plass for forflyttingshemma med parkeringsløyve. • Tilgang til å parkere på stadar der det er innført bustadsone-parkering.
Forventningar til mottakar av parkeringsløyve	• Gjer kommunen dei opplysningane som er nødvendige for å kunne handsame søknaden. • Samtykker til at det vert innhenta supplerande medisinske opplysningar dersom det er nødvendig. • Den som har fått parkeringsløyve har plikt til å informere kommunen om endra tilhøve som kan ha betydning for løyvet.
Merknad	• Sjå meir informasjon her.

2.1.3 Fysioterapi

Lovheimel	• Helse- og omsorgstenestelova §3-2, pkt. 4, 5 og 6 bokstav a, og § 3-3. • Pasient- og brukarrettslova § 2-1a fyrste ledd. • Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator. • Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester kapittel 3.
Klageveg	• Nei – Det kan ikkje klagast på førebyggjande teneste. • Ja – Det kan klagast på individuell vurdering og behandling. Klage etter pasient og brukarrettslova § 7-2 med klagefrist 4 veker jf. § 7-5.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei – førebyggjande teneste. • Ja. IPLOS kapittel 9 – Rehabilitering og habilitering utanfor institusjon.
Eigenbetaling	• Born under 16 år: Fri behandling. • Vaksne: Eigendel i samsvar med gjeldande takstar fastsett av Helsedirektoratet.
Mål for tenesta	• Førebyggje og behandle.
Kriterium for tildeling	• Blir tildelt etter prioriteringskriterier. • Fordelt mellom privatpraktiserande fysioterapeutar og kommunale fysioterapeutar.
Praktiske opplysningar	• For å få individuell fysioterapi kan du ta direkte kontakt, eller bli råda/tilvist gjennom lege og/eller anna helsepersonell med bakgrunn i at du har utfordring.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.1.4 Tilrettelagt transport

Lovheimel	• Forskrift om transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei
Mål for tenesta	• Tilrettelagt transport er ei ordning gjennom Vestland fylkeskommune for menneske med nedsett funksjonsevne som ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. • TT-kortet skal nyttast til fritidsreiser og andre reiser som ikkje vert dekkja av til dømes pasientreiser, arbeidsreiser eller andre kommunale eller statlege ordningar.
Praktiske opplysningar	• Du søker om TT-kort til Vestland fylkeskommune. • Det må følgje med ei legeerklæring til søknaden.
Innhald i tenesta	• Tilrettelagt transport er eit tilbod gjennom Vestland fylkeskommune.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.1.5 Frivillighetssentralen

Lovheimel	• Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Tenesta inngår som ei førebyggjande og helsefremjande teneste etter helse- og omsorgstenestelova § 3-3.
Klageveg	• Det kan ikkje klagast på tenesta.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei
Eigenbetaling	• Nei
Mål for tenesta	• Målet er å stimulere til frivillig innsats, at det er mangfaldige og opne møteplassar i kommunen, og skal vere eit bindeledd mellom kommunen og frivilligheita. • Frivillighetssentralen skal vere eit supplement til det frivillige organisasjonslivet i kommunen. • Aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap er viktig for alle, og er ein føresetnad for å kunne ha så god helse og funksjon som mogleg.
Kriterium for tildeling	• Alle kan finne sine aktivitetar som passar. • Aktivitetane er arrangert gjennom lag og organisjonar, nokre gjennom kommunen, og nokre i samarbeid mellom desse.
Praktiske opplysningar	• Kontoret til frivillighetssentralen ligg i fyrste etasje i gamle bankbygget i Askvoll sentrum, saman med biblioteket. • Sentralen er drifta av ein dagleg leiar i full stilling.
Innhald i tenesta	• Frivillighetssentralen administrerer: ○ Møteplassen. ○ Den kulturelle spaserstokken. ○ Kulturmidlar. ○ Utstyrssentralen BUA. ○ Gratisbutikken. ○ Volontørtenesta. ○ Matombringning for heimebuande.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Lovpålagte oppgåver.
Forventningar til tenesteytar	• Leggje til rette opne møteplassar med låg terskel for deltaking. • Motivere innbyggjarane til deltaking. • Gje god informasjon om arrangement og faste tilbod. • Motivere lag og organisasjonar til å vere aktive. • Har kompetanse om frivillig arbeid.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med kultur- og aktivitetstilbod. • Ved deltaking skal ein legge vekt på hyggeleg samvær.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon. • Sjå aktivitetskalender.

2.1.6 Serviceskyss	
KPR/IPLOS-registrering	• Nei
Eigenbetaling	• Pris: 30 kroner kvar veg. Du kjøper og betaler billett om bord, og kan betale med bankkort eller kontantar.
Mål for tenesta	• Serviceskyss er eit transporttilbod i Sogn og Fjordane som er ope for alle, og skal vere tilrettelagd for alle.
Praktiske opplysningar	• Skyssen er organisert i faste ruter, ofte inn til kommunesenteret eller andre mindre sentrum. • Tinging skjer på telefon 577 30 666 innan kl. 15.00 på kvardagen før. • Ein blir henta heime og får skyss frå dør til dør. Køyretøya som vert nytta er universelt utforma.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon og rutetider.

2.2 Trinn 2 – «Eg klarar meg sjølv med litt støtte».

2.2.1 Følgjekort	
Lovheimel	• Rettleiande nasjonale retningslinjer.
Klageveg	• Avgjersla kan klagast på, og klaga vert handsama i klagenemnda til Askvoll kommune. Send klaga til Askvoll kommune, og merk klagen med "Følgjekort". • Formannskapet eller klagenemnd.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei
Eigenbetaling	• Følgjekort er gratis.
Mål for tenesta	• Gje personen med funksjonsnedsetting sin følgjeperson billegare eller gratis tilgang til offentlege kultur-, fritidsarrangement, eller transportmiddel. • Vere eit verkemiddel for auka deltaking og likestilling i samfunnet.
Kriterium for tildeling	• Personen må ha ei funksjonsnedsetting som er venta å vare i minimum 2 år. • Med funksjonsnedsetting meinast tap eller skade på ein kroppsdel eller ein av kroppen sine funksjonar. Dette omfattar både fysiske, psykiske og kognitive funksjonar.
Praktiske opplysningar	• Følgjepersonen er den eller dei som hjelper personen med funksjonsnedsetting. Kven som er følgjeperson kan variere frå gong til gong. • Den som har funksjonsnedsetting må sjølv løyse ordinær billett på arrangement/transport, medan følgjepersonen kan få billett til redusert pris eller gratis inngang. • Det er verksemda/arrangør som sjølv bestemmer om dei aksepterer ordninga. Det bestemmer ikkje kommunen. • Får å få følgjekort må ein levere eit passfoto av seg sjølv. • Kortet vert laga på tildelingskontoret ved Askvoll omsorgssenter.
Forventningar til tenesteytar	• Handsamar søknaden i tråd med gjeldande regelverk. • Har oppdatert informasjon på heimesida, og tilgjengeleg søknadsskjema. • Tilsette i kommunen kjenner til ordninga.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med innhaldet i tilbodet. • Gjer naudsynt informasjon, og samtykkjer til at kommunen kan innhente relevante opplysningar for vurdering av søknaden. • Nyttar kommunen sine søknadsskjema. • Leverer passfoto.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.2.2 Hjelpemiddel

Lovheimel	• Forskrift om habilitering og rehabilitering og koordinator § 9. • Arbeidsmiljølova § 4-4.
Klageveg	• Klagerett er forankra i folketrygdloven, og i forvaltningslova §§ 28 og 29.
KPR/IPLOS-registrering	• Nei.
Eigenbetaling	• Nei. • Merknad: Aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år må betale eigenandel til Hjelpemiddelsentralen/NAV.
Mål for tenesta	• Hjelpemiddel skal inngå som del av ein heilskapleg plan, og bidra til å: ○ Betre funksjonsevna. ○ Auke moglegheit for å vere sjølvhjelpen. ○ Lette pleie av personar med funksjonsnedsetting. ○ Auke moglegheita til å bu heime.
Kriterium for tildeling	• Behov for hjelpemiddel og/eller tilrettelegging må inngå som ein del av den heilskaplege utredninga av behovet for habilitering og rehabilitering.
Praktiske opplysningar	• For enklare hjelpemiddel ved kortvarige behov (inntil 2 år) har kommunen ansvar for finansiering og anskaffing. • NAV ved hjelpemiddelsentralane har ansvar for hjelpemiddel finansiert av folketrygda. Dette gjeld hjelpemiddel ved funksjonsnedsettingar som varer meir enn 2 år.
Forventningar til tenesteytar	• Kommunens sørge-for-ansvar gjeld uavhengig av varigheita av behovet. Det omfattar alle ledd i formidlingsprosessen: ○ Å avdekke og utgreie behovet for alle typar hjelpemiddel. ○ Utprøving av hjelpemiddel. ○ Bistand i søknadsprosess. ○ Tilpassing og enklare montering. ○ Opplæring i bruken av hjelpemiddelet. ○ Service og reparasjon av enklare art. ○ Reise på heimebesøk, og hjelpe med tilrettelegging av bustad der det er vurdert som aktuelt.
Forventningar til tenestemottakar	• Vanleg vedlikehald etter hjelpemiddelet sine instruksjonar • Melde behov om eventuelle problem eller feil med hjelpemiddelet, også brukarfeil. • Melde frå om tenestemottakar ikkje lenger har behov for hjelpemiddelet. • Ta imot hjelpemiddel som det er behov for knytt til arbeidsmiljølova § 4-4.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.2.3 Hukommelsesteamet

Lovheimel	- Hukommelsesteamet er ikkje ei lovpålagt teneste. - Tenesta inngår som ei førebyggjande og helsefremjande teneste etter helse- og omsorgstenestelova § 3-3.
Klageveg	Tenesta kan ikkje klagast på.
KPR/IPLOS-registrering	Nei.
Eigenbetaling	Nei.
Mål for tenesta	- Kartlegge hukommelse, i samarbeid med/etter tilvising frå fastlege. - Vere eit lågterskeltilbod retta mot personar med demens eller mistanke om demensutvikling. - Hukommelsesteamet arbeider med å kartlegge demenssjukdom. - Gje meir kunnskap om sjukdommen og å betre kvaliteten på samværet med personar som er råka av demens. - Tilrettelegging og tryggleik i heimen er ein viktig del av dette arbeidet. - Tidleg utgreiing og oppfølging etter stilt diagnose.
Kriterium for tildeling	Ha, eller vere under utgreiing av demenssjukdom.
Praktiske opplysningar	- Hukommelsesteamet består av ei tverrfagleg samansett gruppe med spesialsjukepleiar, ergoterapeut og lege. - Demensutgreiing skjer i eit samarbeid mellom fastlege, hukommelsesteam og eventuelt spesialisthelsetenesta der basal utgreiing ikkje er tilstrekkeleg. - Hukommelsesteamet har ansvar for å kartlegge funksjonsevne, heimesituasjon og eventuelle hjelpebehov til pasient og pårørande. - Etter at diagnosen er stilt, vil oppgåva for hukommelsesteamet og fastlegen vere å vurdere behandling, samt å føreslå aktuelle aktivitets- og omsorgstiltak. - Periodisk oppfølging for å fange opp funksjonsendringar. - Hukommelsesteamet tilbyr pårørandeskule. - Styrking av den demensråka sitt nettverk i samarbeid med pårørande.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	Transport til og frå tilbod er ikkje inkludert.
Forventningar til tenesteytar	- Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte. - Legg til rette for at den demensramma og pårørande får bistand som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar.
Forventningar til tenestemottakar	- Gjer seg kjend med innhald i tilbodet. - Gir naudsynt informasjon, samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og vidare oppfølging.
Merknad	Sjå her for meir informasjon.

2.2.4 Kreftkoordinator

Lovheimel	- Kreftkoordinator er ikkje ei lovpålagt teneste. - Tenesta inngår som ei førebyggjande og helsefremjande teneste etter helse- og omsorgstenestelova § 3-3.
Klageveg	Ikkje krav til søknad eller vedtak.
KPR/IPLOS-registrering	Nei.
Eigenbetaling	Nei.
Mål for tenesta	- Kreftkoordinator er med å sikre ei trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen. - Hjelpe til å koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på best mogleg måte. - Samordne tilbod og tenester i kommunen. - Bidra med gode rutinar og system for kreftomsorg i kommunen.
Kriterium for tildeling	- Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod der pasienten eller andre kan kontakte kreftkoordinator i alle fasar av sjukdomsutviklinga. - Tilbodet gjeld både pasient, pårørande, helsepersonell og andre aktuelle.
Praktiske opplysningar	- Kreftkoordinator kan tilby hjelp og støtte til kreftamma og deira pårørande. - Kreftkoordinator kan være eit bindeledd mellom fastlege, spesialisthelsetenesta og kommunen, samt formidle kontakt mellom dei ulike kommunale tenestene. - Kreftkoordinator kan svare på faglege spørsmål, gje rettleiing og samtalar, og er med på å sikre ei trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen. - Kreftkoordinator kan være ein støttespelar for barn og unge som er ramma av kreft, eller som er pårørande til kreftsjuke. - Kreftkoordinator er ikkje ei døgnbemanna teneste. - Kreftkoordinator erstattar ikkje andre tenester, som t.d. heimeteneste, praktisk bistand eller støttekontakt.
Forventningar til tenesteytar	- Vise respekt for den enkelte brukar og familie. - Tenesta er så langt så råd utforma i samråd med tenestemottakar og er individuelt tilrettelagt. - Gjev beskjed så snart så råd om avtalar må endrast. - Imøtekoma så langt som mogleg tenestemottakaren og pårørande sine ynskjer for livets siste dagar. - Vise vidare og kople inn andre tenester når ein ser behov for dette.
Forventningar til tenestemottakar	- Er til stades ved avtalt heimebesøk, eller møter opp til avtalt tid. - Melde ifrå så snart ein kan ved eventuelle endringar rundt ei avtale. - Opptrer respektfullt ovanfor tenesteytar.
Merknad	Sjå meir informasjon her.

2.2.5 Matombringning	
Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja. • IPLOS tenestetype: 05 Matombringning.
Eigenbetaling	• Ja, det vert kravd eigenbetaling etter betalingssatsane til Askvoll kommune. Desse vert vedtekne årleg av kommunestyret.
Mål for tenesta	• Tenesta skal vere til hjelp for å dekkje ernæringsbehovet til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje er i stand til å dekkje dette behovet sjølv.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingskontoret og som resulterer i eit einskildvedtak. • Det skal være vurdert moglegheit for å nytte ferdigmiddag før einskildvedtak vert fatta. • Det må vere utført ernæringskartlegging før tildeling. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må ha fast bustad i kommunen. • Tenestemottakar treng bistand for å ivareta sitt eige ernæringsbehov. • Tenestemottakar må forplikte seg til faste leveringsdagar. • Tenestemottakar må ha eigen mikrobølgeovn.
Innhaldet i tenesta	• Tenesta inneber utlevering av middag til eigen heim på faste dagar.
Praktiske opplysningar	• Tenesta gjeld utlevering av middag. • Tenesta vert ytt av frivillige, som vert administrert av frivillighetssentralen. • Diettmat vert levert dersom det er medisinske grunnar til det. • Faktura vert sendt ut på etterskot kvar månad. • Menyen dekkjer eit næringsrikt kosthald. • Det vert fakturert for middag som ikkje er avbestilt innan informerte fristar. • Kortvarige behov for endringar, til dømes avbestillingar, skal varslast til kjøkkenet i så god tid som mogleg. • Avbestillingsfrist er innan kl. 10.00 same dag. • Avbestilling etter fristen gjev ikkje fritak for betaling. • Kjøkkenet nyttar kok-kjøll i produksjonen.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Tillaging og servering. • Det vert ikkje ytt matombringning til bebuarar på Atløy, Værlandet og Bulandet.
Forventningar til tenesteytar	• Middag vert levert i samsvar med vedtak, og i følge forskrift om næringsmiddelhygiene kapittel 5, § 13.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket. • Brukar må vere til stades ved levering eller sørgje for at nokon tek imot maten. • Ved behov for å auke tal dagar med matlevering må ein søkje om dette. • Behov for å endre dagar må avklarast med kjøkkenet.
Merknad	• Ved spesielle behov hos tenestemottakar kan kjøkkenet levere ut frukost og/eller kveldsmat mot gjeldande takstar vedteke av

	kommunestyret. På same måte er det tilbod om spesialleveransar til brukarar i kortare periodar ved alvorleg sjukdom.
2.2.6 Tryggleiksalarm	
Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav a eller b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja, Iplos-registrering etter kapittel 11. • IPLOS tenestetyp: 06 – Tryggleiksalarm.
Eigenbetaling	• Tryggleiksalarm som ei serviceyting vert kravd eigenbetaling for. • Tryggleiksalarm som helsehjelp er gratis.
Mål for tenesta	• Tryggleiksalarm skal bidra til auka tryggleik for tenestemottakar og bidra til at vedkommande kan bu lengst mogleg i eigen heim. • Førebyggje behov for andre tenester.
Kriterium for tildeling	• Tildeling skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingskontoret og resulterer i eit einskildvedtak. • Tildeling av tryggleiksalarm skjer etter ei individuell og fagleg vurdering. • Søkjar må vere i stand til å nytte seg av tryggleiksarmen. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tryggleiksalarm som serviceyting: ○ Søkjar har eit auka behov for tryggleik i eigen heim. • Tryggleiksalarm som helsehjelp: ○ Tryggleiksarmen erstattar helsetenester i heimen og naudsynte tilsyn.
Praktiske opplysningar	• Tryggleiksalarm er ei ordning der du kan få hjelp i heimen, ved til dømes fall. Ved akutte medisinske tilstandar må ein kontakte 113. • Alarmen er knytt til eit responscenter. • Å ha tryggleiksalarm inneber at du får ein alarmknapp til handledet eller i halssnor, og ein alarmboks plassert i huset. Når du utløyer alarmen vil du bli kontakta av responscenteret via alarmboksen, som tek vidare kontakt med avtalt kontaktperson. • Du vil òg få ein nøkkelboks med kode ved inngangsdøra slik at hjelpar kan kome seg inn. Tenestemottakar må sjølv syte for ekstra nøkkel til denne. • Tryggleiksalarm inkluderer brannalarm med varsling til responscenteret. • Tryggleiksarmen fungerer berre inne i bustaden. • Det er ynskjeleg at det står 3 kontaktpersonar på ringelista, inkludert heimetenesta. Fyrste kontaktperson er ynskjeleg at er ein person i nærområdet. • Dersom ein ikkje er busett på fastlandet eller bur langt i frå heimetenesta si plassering, må ein ha ein person i nærområdet som kontaktperson ved utløyst alarm. • Ved alarmer som er knytt til heimetenesta, kan det ta inntil 2 timar før heimetenesta kan vere hos tenestemottakar. Dette er avhengig av køyretid og kor raskt ein får avslutta pågåande oppgåve på forsvarleg måte. Ved akutte medisinske tilstandar må ein kontakte 113. • Vedlikehald og reparasjonar som fylgje av vanlig bruk vert dekkja gjennom abonnementet.

	• Dersom det er behov for ekstra knapp til alarmer, kan husstanden få dette utan ekstra kostnad. • Tenesta vert fakturert månadleg. • Ved nedkopling vert omsorgskontoret informert av vaktmeister. Det blir då stoppa fakturering frå den dato nedkopling har skjedd. • Ved tap eller øydelegging av alarmknapp må tenestemottakar erstatte denne.
Forventningar til tenesteytar	• Alarmer vert montert så snart det er ledig kapasitet, etter at vedtaket er fatta. • Syter for rettleiing og opplæring i bruken av alarmer. • Tenesteytar opptre respektfullt i møte med tenestemottakar.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar opptre respektfullt i møte med tenesteytar. • Varslar ved langvarig fråver frå eigen bustad. • Nyttar alarmer berre ved akutte eller alvorlege situasjonar. • Behandlar utstyret på forsvarleg måte. • Set seg inn i bruken og rutinane. • Set seg inn i innhaldet i vedtaket.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.2.7 Velferdsteknologi

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav a eller b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja, Iplos-registrering etter kapittel 11. • IPLOS tenestetyp: 26 – Varslings- og lokaliseringsteknologi (GPS).
Eigenbetaling	• Velferdsteknologi som ei serviceyting vert kravd eigenbetaling for. • Velferdsteknologi som helsehjelp er gratis.
Mål for tenesta	• Velferdsteknologi skal bidra til auka tryggleik, sjølvstende, meistring og/eller rørslefridom for pasient/brukar, og bidra til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg i eigen heim.
Kriterium for tildeling	• Tildeling skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingskontoret og resulterer i eit einskildvedtak. • Tildeling av tryggleiksalarm skjer etter ei individuell og fagleg vurdering. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Sjukdom, lyte eller anna som gjer det nødvendig med teknologisk støtte. • Tiltaket gjev pasient/brukar minst ein av følgjande: ○ Auka tryggleik ○ Førebygging av skade/ulykke ○ Høve til å bu lenger i eigen heim ○ Meir sjølvstende og meistring ○ Meir sosial kontakt ○ Auka tryggleik for pårørande ○ Meir rørslefridom utan at brukar utset seg for risiko ut over det normale • For lokaliseringsteknologi (GPS) må pasient/brukar ha tilstrekkeleg trafikkforståing til å kunne ferdast i dei aktuelle omgjevnadane på eiga hand. • Nokre teknologiske løysingar vil vere ein del av bygningskonseptet eller institusjon, eller ein del av tilbodet i ei teneste. Ein legg til grunn eit samtykke når ein vel å takke ja til ei teneste der velferdsteknologi inngår.
Praktiske opplysningar	• Velferdsteknologi består av: ○ Tryggleiksalarm (sjå kapittel 2.2.6). ○ Passiv varslingsanlegg. ○ Pasientvarslingsanlegg. ○ Lokaliseringsteknologi. ○ Det vert også vurdert å ta i bruk andre teknologiske løysingar fortløpande. • Passiv varslingsanlegg består av sensorar som sender varslingsanlegg. Det er ikkje pasienten/brukaren som utløysar alarmen bevisst, men teknologien som detekterer fare/hendingar og varslar automatisk. Døme på passiv varslingsanlegg er: ○ Dørsensor ○ Rørslesensor ○ Varslingsmatte til seng/stol

	○ Ute-av-seng-varsel ○ Fallsensor • Passiv varsling i eigen heim kan krevje at ein har tenesta tryggleiksalarm i tillegg ettersom mange av sensorane koplast til ein tryggleiksalarm. • Lokaliseringsteknologi (GPS) nyttar GPS-teknologi og mobilnett. Produkta har også alarmfunksjon som utløysast automatisk eller som brukar utløyser sjølv, og dei har to-vegs talefunksjon. Kan brukast for å varsle om at pasientar med demens forsvinn frå institusjonsområdet eller heimen. Teknologien vert nytta til å lokalisere dei og lede dei heim att.
Forventningar til tenesteytar	• Teknologien vert montert så snart vi har kapasitet etter at behovet er avdekt og naudsynt kartlegging og tilpassing er utført. • Rettleiing og opplæring vert gitt. • Når alarmar vert utløyst vil aktuell teneste følgje opp varselet og handtere situasjonen ut frå gjeldande prosedyrar.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar opptreer respektfullt i møte med tenesteytar. • Tenestemottakar gir melding til heimetenesta ved langvarig fråvær i eigen bustad. • Utstyret vert behandla forsvarleg.
Merknad	• Sjå meir informasjon her.

2.3 Trinn 3 – «Eg treng litt hjelp».

2.3.1 Fritidskontakt	
Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja. • IPLOS tenestetype: 09 Støttekontakt.
Eigenbetaling	• Det er ikkje krav om eigenbetaling. • Tenestemottakar må sjølv dekke utgifter i samband med aktivitetar.
Mål for tenesta	• Bidra til ei meir meningsfull fritid og mindre isolasjon gjennom sosialt samvær og ulike aktivitetar. • Bidra til å danne sosialt nettverk. • Bidra til eigenmeistring.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av tenesta skjer på bakgrunn av skriftleg søknad som vert handsama av tildelingskontoret, og som resulterer i einskildvedtak. • Søkjar må sjølv ynskje tenesta. • Søkjar må på grunn av sjukdom, skade, liding eller nedsett funksjonsevne ha behov for hjelp og støtte til å meistre ulike fritidsaktivitetar, eller har lite sosialt nettverk og behov for sosial kontakt med andre. • Teneste skal vere hensiktsmessig i høve til om det er andre tenester som kan bidra til større eigenmeistring på sikt.
Praktiske opplysningar	• Det vert ikkje stilt formelle kvalifikasjonskrav til fritidskontaktar, og tenesta skal derfor ikkje nyttast til å dekkje krevjande omsorgsbehov. • Det kan vere vanskeleg å rekruttere fritidskontaktar. Tenestemottakar kan kome med forslag om personar som kan vere fritidskontakt for seg. • Køyring ut over tildelt køyregodtgjersle må tenestemottakar betale for sjølv.
Innhald i tenesta	• Hjelp til å delta i sosiale og/eller fysiske aktivitetar.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Transport til og frå behandling, tannlege, lege, fysioterapi, frisør, mm. • Kvardagshandling. • Praktisk bistand i heimen. • Leksehjelp. • Som erstatning for skulefritidsordning.
Forventningar til tenesteytar	• Fritidskontakten skal opptre respektfullt i møte med tenestemottakar. • Tenesta vert ytt i tråd med vedtak og oppdragsavtale. • Fritidskontakten gjer beskjed til tenestemottakar når ein ikkje kan møte til avtalen.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar opptre respektfullt i møte med fritidskontakten. • Tenestemottakar tek aktivt del i tiltaket. • Tenestemottakar gjer beskjed til fritidskontakten i god tid når ein ikkje kan møte til avtalar. • Forståing for at din heim er vår arbeidsplass, og at det vert teke omsyn til vårt arbeidsmiljø og ikkje utset oss for tobakksrøyk og eventuelle husdyr.

Merknad	• Dersom tenestemottakar får langtidsopphald i institusjon vert fritidskontakt avslutta. • Det vil vere aktuelt for kommunen å tildele følgjekort til tenestemottakar. • Nær familie vert ikkje engasjert som fritidskontakt for sine (foreldre, svigerforeldre, born, svigerborn, barnebarn, sysken, ektefelle/sambuar, eller tilsvarande desse). • Sjå her for meir informasjon.
----------------	---

2.3.2 Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demenssjukdom

Lovheimel	• Pasient – og brukarrettighetslova § 2-1a. • Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 punkt 7.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 04 Dagaktivitetstilbod.
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling for tenesta.
Mål for tenesta	• Medverke til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg heime. • Medverke til å trygge kvardagen til personar med demens-sjukdom. • Tenesta kan ytast som avlasting til pårørande. • Førebyggje einsemd og isolering. • Førebygge behov for tenester på eit høgare omsorgsnivå.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av tenesta skjer på bakgrunn av skriftleg søknad som vert handsama av tildelingskontoret, og som resulterer i einskildvedtak. • Må ha fått eller vere under utgreiing for ein demensdiagnose. • Må vere heimebuande. • Tenestemottakar må ha behov for personleg bistand til rettleiing, aktivisering, sosial deltaking og vedlikehald av ferdigheiter. • Må kunne ta del i aktivitetane og det sosiale samværet som vert tilbydt. • Må kunne opphalde seg på dagtilbodet utan behov for kontinuerleg medisinsk tilsyn eller omfattande individuell assistanse ut over det tilbodet kan gje. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Partner/pårørande har behov for bistand og støtte i omsorgsarbeidet.
Praktiske opplysningar	• Tenesta er lokalisert i ein omsorgsbustad ved Askvoll omsorgssenter. • Dagtilbodet har avgrensa plassar. • Det kan vere mogleg å få tilbod om transport til og frå. Dette er avhengig av geografiske tilhøve. Kommunen vurderer transport-behovet individuelt. Tenestemottakarar som kan nytte offentleg eller privat transport vert oppmoda til dette. • Dagtilbodet er ope alle verkedagar frå kl. 8.00 til 15.30, og held stengt på høgtidsdagar og ved ferieavvikling.
Innhald i tenesta	• Hjelp til eigenomsorg og aktivisering. • Både individuelt og gruppetilpassa aktivitetar, til dømes turar. • Fellesskap med andre i lik situasjon. • Fellesskap rundt måltid.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Følgje til lege, sjukehus, tannlege, m.m.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar møter brukarane med respekt og forståing. • Tilbodet vert tilrettelagt slik at den enkelte kjenner på meistring i dei arbeidsoppgåvene som dei utfører.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar. • Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket. • Gje beskjed dersom ein ikkje kan møte til avtalt tid. • Gje beskjed i god tid dersom ein ikkje ynskjer å ete middag i fellesskap med dei andre, då dette må avbestillast frå hovudkjøkkenet.

Merknad

- [Sjå her for meir informasjon.](#)

2.3.3 Dagaktivitetstilbod 18 – 67 år

Lovheimel	• Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a. • Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 punkt 5 og 6.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 04 Dagaktivitetstilbod.
Eigenbetaling	• Det er ikkje krav til eigenbetaling.
Mål for tenesta	• Målgruppa er personar i yrkesaktiv alder med nedsett funksjonsevne som ikkje kan meistre eit vanleg arbeid, og som treng individuell tilpassing. • Opplive ein strukturert og meningsfull kvardag. • Vere deltakar i ein sosial samanheng. • Opplive samhald og fellesskap. • Førebygge isolasjon og einsemd. • Ta i vare behov for fysisk aktivitet og sansestimulering.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av tenesta skjer på bakgrunn av skriftleg søknad som vert handsama av tildelingskontoret, og som resulterer i einskildvedtak. • Søkjar må ha behov for eit særskilt tilrettelagd tilbod. • Søkjar må ha behov for tilrettelegging, trening, aktivisering og/eller vedlikehald av ferdigheiter. • Søkjar har psykisk utviklingshemming, psykiske utfordringar, eller andre utfordringar som gjere til at ein ikkje kan delta i vanleg arbeidsliv.
Praktiske opplysningar	• Dagaktivitetstilbod i Askvoll kommune vert primært ytt ved eit aktivitetssenter. • Det kan leggst til rette for dagaktivitetstilbod på andre arenaer. • Tenesta er for personar mellom 18 og 67 år. • Aktivitetane vert tilrettelagt og tilpassa etter ditt funksjonsnivå og dine interesser og behov.
Innhald i tenesta	• Innhald i tenesta kan til dømes vere: ○ Fysisk aktivitet ○ Kreativ utfolding ○ Produksjon av varer og tenester
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Følgje til lege, frisør, tannlege, fotpleiar og liknande. • Transport til og frå dagaktivitetstilbodet. • Måltid.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte. • Legg til rette for aktivitetar tilpassa kvar enkelt, og at den einskilde kjenner meistring i dei ulike arbeidsoppgåvene og aktivitetane. • Tilsette må ha naudsynt utstyr til aktivitetar, og klede etter veret. • Open dialog og tett samarbeid om utforminga av tenestetilbodet til brukaren.
Forventningar til tenestemottakar	• Møte opp til avtala tid, og gjer beskjed om ein ikkje kan møte. • Deltak aktivt, og viser interesse og ynskje om sosial deltaking. • Ha nødvendig utstyr til ulike aktivitetar og klede etter veret. • Setje deg inn i vedtaket.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.3.4 Praktisk bistand – daglege gjeremål

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 01 Praktisk bistand: daglege gjeremål.
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling for tenesta.
Mål for tenesta	• Gje hjelp til praktiske gjeremål i tenestemottakar sin heim. • Tenestemottakar skal klare seg i eigen bustad med naudsynt hjelp. • Førebyggje behov for andre tenester.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må bu eller opphalde seg i kommunen. • Kvardagsmeistring og rehabilitering skal vurderast før noko anna. • Søkjar skal som hovudregel ha eit langvarig og særskilt hjelpebehov som følgje av sjukdom, funksjonsnedsetting, alder og anna. • Søkjar klarer ikkje å ivareta daglege reingjeringsoppgåver i heimen. • Som eit avlastande tiltak for pårørande med særleg tyngande helse- og omsorgsoppgåver. • Søkjar må ha robotstøvsugar.
Praktiske opplysningar	• I einskildvedtaket vil det stå kva ein får hjelp til, og omfanget av tenesta. • Tenestemottakar er ansvarleg for at det er naudsynt utstyr til reinhald tilgjengeleg i bustaden. • Husstanden si samla inntekt vert lagt til grunn for eigenbetaling. • Praktisk bistand vert som hovudregel ytt kvar 4. veke. • Bemanna omsorgsbustadar har eigen standard for tildeling av praktisk bistand. • Praktisk bistand vert ikkje ytt på helg eller raude dagar. • Dersom praktisk bistand ikkje kan gjevast til avtalt tid, får tenestemottakar tilbod om eit anna tidspunkt.
Innhald i tenesta	• Reingjering av rom i dagleg bruk. • Skift av sengeklede. • Hjelp til å setje på klesvask i vaskemaskin. • Bistand til bestilling, eventuelt innkjøp av matvarer.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Henge opp klesvask. • Stryking av klede. • Reingjering over skulderhøgde. • Reingjere rom som ikkje er i dagleg bruk. • Opplæring i hushald. • Hagearbeid. • Nedvask. • Vask av vindauge. • Baking. • Rydde og vaske etter pårørande eller besøkjande. • Hjelp til dyrehald. • Flytte bossdunkar. • Frakte boss til avfallsstasjon.

	• Gjere i stand/pynte til høgtider. • Flytte møblar. • Måke snø. • Hente ved og fyre i omnen. • Hente posten.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim. • Melder ifrå til tenestemottakar om ein ikkje kan møte til avtalt dag/tid. • Tenesteytar skal ikkje nytte tenestebrukar sitt bankkort eller handtere brukar sine kontantar.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar møter tenesteytar med respekt. • Tenestemottakar må vere til stades i heimen når tenesta vert utført, og melder ifrå dersom ein ikkje er til stades. • Tenestemottakar utfører sjølv det ein meistrar sjølv av reinhald i heimen. • Har naudsynt utstyr og reingjeringsartiklar/-midlar tilgjengeleg i heimen (sjå liste under Merknad). • Tenestemottakar syter for tilkomst til bustaden, til dømes snømåking. • Forståing for at din heim er vår arbeidsplass, og at det vert teke omsyn til vårt arbeidsmiljø og ikkje utset oss for tobakksrøyk og eventuelle husdyr. • Heimen er møblert slik at det er enkelt for oss å hjelpe deg, og at store tepper er fjerna.
Merknad	• Utstyr og artiklar som må vere tilgjengeleg i bustaden: ○ Regulerbart moppestativ ○ Moppar (byttast ut x 1 per år) ○ Støvklut ○ Reingjeringsmiddel ○ 2 vaskebøtter ○ Toalettbørste ○ Handsåpe og tørkerull for handvask ○ Robotstøvsugar i opphaldsrom.

2.3.5 Praktisk bistand – eigenomsorg

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 01 Praktisk bistand: daglege gjeremål.
Eigenbetaling	• Nei.
Mål for tenesta	• Tenestemottakar får bistand i personleg stell og eigenomsorg for å kunne bu i eigen heim lengst mogleg. • Tenestemottakar er mest mogleg sjølvhjelpst ved bruk av eigne ressursar og hjelpemiddel.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må bu eller opphalde seg i kommunen. • Ein skal ha prøvd ut og vurdert teneste på eit lågare nivå i omsorgstrappa før ein tildeler tenesta. • Kvardagsmeistring og rehabilitering skal vurderast før noko anna. • Førebyggje behov for andre tenester. • Søkjar må ha eit særskilt hjelpebehov som følgje av sjukdom, funksjons-hemming, alder eller anna. • Søkjar har vanskar med å ivareta personleg hygiene, ernæring, forflytting m.m.
Praktiske opplysningar	• Tenesta vektlegg aktiv brukarmedverknad med mål om at brukar vert mest mogleg sjølvhjelpst. • Heimen må vere best mogleg tilrettelagd for å yte omsorga. Med dette meinast å følgje råd for tilrettelegging, og ta imot hjelpemiddel, som til dømes sjukehusseng. • Omfang og type teneste vert vurdert etter individuelle behov og fagleg forsvarlegheit, og kjem fram av einskildvedtaket. • Tenestemottakar må bu eller opphalde seg i kommunen.
Innhald i tenesta	• Hjelp til personleg stell og eigenomsorg, til dømes: ○ Personleg hygiene/dusj. ○ Av- og påkledning, og hjelp til elastiske strømpar. ○ Hjelp til forflytting. ○ Hjelp til å oppretthalde god ernæring.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Praktiske gjeremål knytt til hushaldet, til dømes reinhald og klesvask. • Transport av tenestemottakar, til dømes følgje til lege, frisør, m.m. • Hjelp til handling.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptre på ein respektfull måte i brukar sin heim. • Tenesta vert ytt i samarbeid med tenestemottakar. • Tenesteytar legg vekt på prinsippet om hjelp til sjølvhjelp.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar møter tenesteytar med respekt. • Heimen skal vere lagt til rette for at til dømes heimetenesta får ein god arbeidsplass, etter arbeidsmiljølova. • Tenestemottakar set seg inn i innhaldet i vedtaket. • Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge personell er i bustaden.

2.3.6 Praktisk bistand – opplæring daglege gjeremål

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja. • IPLOS tenestetype: 02 Praktisk bistand – opplæring – daglige gjøremål.
Eigenbetaling	• Nei.
Mål for tenesta	• At tenestemottakar i stor grad skal kunne meistre daglege gjeremål, og halde ved like funksjonar, og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging. • Bidra til at tenestemottakar vert mest mogleg sjølvstendig i dagleglivet.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må bu eller opphalde seg i kommunen. • Vedtak om opplæring skal tidsavgrensast ut i frå ei individuell vurdering og evaluering. • Førebyggje behov for andre tenester. • Kvardagsmeistring og rehabilitering skal vurderast før noko anna. • Innhente dokumentasjon frå eventuelt lege, fysio- og/eller ergoterapeut. • Søkjar må ha eit særskilt hjelpebehov som følgje av sjukdom, funksjonshemming, eller anna.
Praktiske opplysningar	• Tenesta vektlegg aktiv brukarmedverknad med mål om at brukar vert sjølvhjelpen. • Heimen må vere best mogleg tilrettelagd for å gje opplæring. • Omfang og type tenester vert vurdert etter individuelle behov og kva som er fagleg forsvarleg. • Dersom potensialet for opplæring ikkje er til stades, kan det vere aktuelt med praktisk bistand – daglege gjeremål.
Innhald i tenesta	• Opplæring til å meistre praktiske gjeremål som t.d. skifte på seng, ta inn/ut av oppvaskmaskin, vaske golv og vaske klede.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Nedvask. • Reingjering av vindauge. • Storopprydding. • Hagearbeid. • Hente ved. • Bringe bossdunkar til/frå veg. • Hente post. • Snømåking. • Ved oppstart av tenesta vert det gjort ei vurdering av om det er naudsynt med nedvask og opprydding. Kostnaden må tenestemottakar dekke sjølv.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar behandlar heimen og tenestemottakar med respekt. • Tenestemottakar får ein kontaktperson som kan kontaktast ved behov. • Tenesteytar har kompetanse. • Tenesteytar gjer beskjed om det ikkje er mogleg å komme til avtalt tid.

Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar er heime når tenesteytar kjem. • Tenestemottakar er positiv til å prøve ut ny teknologi som kan vere til hjelp i kvardagen. • Tenestemottakar gjer beskjed i god tid om ein ikkje treng hjelp eller skal reise vekk. • Tenestemottakar luftar godt inne ved røyking, og ikkje røyker rett før eller medan tenesteytar er til stades. • Tenestemottakar gjer tilbakemelding dersom behovet endrar seg eller ein ikkje er nøgd med tenesta. • Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge personell er i bustaden.
--	--

2.3.7 Omsorgsbustad

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav a og/eller b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 29 Bustad som kommunen disponerer til helse- og omsorgsføremål. • IPLOS kapittel 12 – Bustadopplysningar – bebuar har inngått husleigekontrakt og betalar husleige.
Eigenbetaling	• Ja. Husleigesatsane vert justert årleg i kommunestyrevedtak om gebyr og betalingssatsar i Askvoll kommune.
Mål for tenesta	• Formålet med omsorgsbustader er å kunne tilby innbyggjarar med nedsett funksjonsnivå tilrettelagt bustad, slik at desse kan ha eit mest mogleg sjølvstendig liv.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Alle andre tiltak som er lågare på omsorgstrappa må vere utprøvd. • Det må vere eit behov for helse- og/eller omsorgstenester, og ein vil få vedtak på ulike tenester etter behov i tillegg til omsorgsbustaden. • Søkjar må vere over 18 år, og må ha vore folkeregistrert i Askvoll kommune i minimum dei to siste føregåande åra. • Søkjar har nedsett funksjonsnivå på grunn av sjukdom, skade eller anna liding, og/eller fysisk eller psykisk funksjonshemming. • Noverande bustad kan i liten eller ingen grad tilpassast, og privat marknad er prøvd ut. • Tildeling av omsorgsbustad kan hindre eller utsetje behov for institusjonsopphald, og gje søkjar auka sjølvstende i eigen kvardag. • Det må vere ledig bustad i kommunen. Dersom det ikkje er ledig bustad, og ein elles fyller kriteria for tildeling, kan ein bli sett på venteliste.
Praktiske opplysningar	• Omsorgsbustad kan bli tildelt for eit avgrensa tidsrom. • Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova, og leigeavtale vert inngått med kommunen. • Leigetakar kan søkje om bustønad. • Husleiga inkluderer kommunale avgifter, forsikringspremie, straum og fiber. • Omsorgsbustadane inneheld komfyr, kjøleskåp og eitt enkelt klesskåp. Utover dette må leigetakar sjølv møblere bustaden, og ha eiga innbuforsikring. • Tepper er ikkje ynskjeleg. • Omsorgsbustaden skal vere røykfri. Om ein har røykt i bustaden, kan kommunen måle opp att på leigetakar si rekning. • Det er forbode med bruk av levande lys i bustaden. • Tenestemottakar må sjølv melde flytting til Folkeregisteret, Posten m.m. • Hjelpemiddel bør vere på plass før innflytting

	• Enkel oppussing etter eige ynskje, som til dømes måling av veggjar må avtalast med kommunen på førehand, og må kostast av leigetakar. Kommunen kan stille krav til mellom anna fargeval og utføring. • Husdyr er som hovudregel ikkje tillete, med mindre det er gode årsaker til at bebuaren treng å ha husdyr, til dømes førarhund. Å ha husdyr føreset at ein sjølv kan ivareta alt som følgjer med dyrehaldet. • Dersom du får tildelt ein bustad på bakgrunn av ektefelle/partnar sitt hjelpebehov, og ektefelle/partnar fell i frå eller får tildelt langtidsopphald i institusjon, vil kommunen gjere ei ny vurdering av ditt behov for omsorgsbustad etter kriteria ovanfor. • Ved tildeling av omsorgsbustad frå venteliste, vil kommunen prioritere den som har størst behov ut ifrå ei individuell vurdering av helsetilstand og hjelpebehov. Geografiske tilhøve og berekraftig ressursbruk vil vere ein del av vurderinga.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Nedvask av omsorgsbustad ved utflytting. • Hjelp til inn- og utflytting av omsorgsbustaden. • Renoveringar som skuldast øydeleggingar ved akthøyse, røyking og husdyr må dekkast av leigetakar.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptre respektfullt i møte med tenestemottakar, med respekt for at bustaden er tenestemottakar sin heim. • Tenesteytar set seg inn i innhaldet i vedtaket.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar har vurdert nødvendige utbetringar av eigen bustad før ein søker omsorgsbustad. • Tenestemottakar har vurdert å kjøpe eller leige funksjonell bustad på den private marknaden, men at dette ikkje har ført fram. • Tenestemottakar opptre respektfullt i møte med tenesteytar. • Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.
Merknad	• Sjå her for meir opplysningar.

2.3.8 Helsehjelp i heimen

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1a. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 nr. 6, bokstav a.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 15 Helsetenester i heimen.
Eigenbetaling	• Det vert ikkje krevd eigenbetaling.
Mål for tenesta	• Gje tenestetilbod til akutt eller kronisk sjuke som treng naudsynt helsehjelp i heimen ut i frå kartlegging av tenestemottakar sitt behov. • Tenestemottakar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp, så lenge dette er forsvarleg. • Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett.
Kriterium for tildeling	• Søkjar har behov for naudsynt helsehjelp for å kunne bu heime. • Sviktande helse og eigenomsorg som krev meir omfattande observasjonar, hjelp eller tilrettelegging for å ivareta grunnleggjande behov. • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging av behov. Saka vert handsama av tildelingskontoret, og det vert fatta einskildvedtak. • Ordninga er behovsprøvd og tidsavgrensa. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må bu eller opphalde seg i kommunen. • Velferdsteknologiske løysingar som kommunen nyttar, skal vere vurdert som alternativ for tenesteyting.
Praktiske opplysningar	• Tenesta kan bli starta opp før det vert gjort vedtak dersom behovet for tenesta er akutt. Om tenestebehovet varer lenger enn 14 dagar, skal det fattast einskildvedtak i saka. • Alle som mottek helsetenester i heimen i meir enn 3 månadar kan ha rett på fri tannbehandling frå offentleg tannklinikk. • Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst. Tenestemottakar vert då varsla om dette. • Askvoll kommune nyttar multidose i medikamenthandtering.
Innhald i tenesta	• Helsehjelp i heimen vil i fyrste rekke gjelde oppgåver som krev helsefagleg kompetanse (heimesjukepleie). Dette kan til dømes vere: ○ Hjelp til medisinerings. ○ Hjelp til overvaking av vitalia. ○ Hjelp til sårstell etter individuell vurdering. ○ Råd og rettleiing i samband med kronisk sjukdom. ○ Palliativ omsorg. • Fysioterapi, ergoterapi og fotpleie kan òg vere aktuelle tenester.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Fylgje til mellom anna lege/tannlege, helsetenester og til ulike opphald på sjukeheimen. • Skyss/transport i bil. • Handle matvarer. • Dersom tenestemottakar klarer å oppsøke legekantoret sjølv, må til dømes sårstell, blodprøvetaking, urinprøve, injeksjonar, vaksiner m.m., utførast der. • Det vert som hovudregel ikkje tildelt helsehjelp for tilsyn.

Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i tenestemottakar sin heim. • Dersom hjelpa ikkje kan gjevast til avtalt dag/ tidspunkt vil tenestemottakar få tilbod om anna dag/ tidspunkt. • Tenesteytar skal ikkje nytte tenestemottakar sitt bankkort for kontantuttak eller varehandel. • Tenesteytar skal ikkje handtere brukar sine kontantar. • Tenesteytar skal kunne identifisere seg med ID-kort som tilsett i Askvoll kommune. • Halde teieplikta.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar utfører mest mogleg sjølv. • Tenestemottakar gjer seg mest mogleg kjend med vedtaket. • Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar. • Heimen skal vere lagt til rette slik at heimetenesta får ein god arbeidsplass etter arbeidsmiljølova. • Bruk av nøkkelboks er ynskjeleg om der er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv. • Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge helsepersonell er i bustaden. • Huset skal vere røykfritt så lenge helsepersonell er i bustaden. • Tillate hjelpemiddel i heimen når dette er naudsynt av omsyn til både tenestemottakar og tenesteytar. • Gje beskjed i god tid på førehand dersom det er ynskje om å avlyse besøket/ byte dag. Ved akutt situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd. • På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta fram til huset slik at tenesteytar kjem fram.
Merknad	• Sjå her for meir opplysningar.

2.3.9 Psykisk helse- og rusteneste

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1, andre og tredje ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6, bokstav a.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja. • IPLOS tenestetype: 15 Helsetenester i heimen.
Eigenbetaling	• Nei.
Mål for tenesta	• At tenestemottakar vert mest mogleg sjølvhjelp i kvardagen.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Søkjar må vere fylt 16 år. • Søkjar har milde til moderate psykiske helseplager og/eller ei psykiske lidning, og/eller har utfordringar med rusmisbruk.
Praktiske opplysningar	• Alvorsgraden av helseplagene avgjer omfanget av oppfølginga, og vil kome fram av einskildvedtaket. • Oppfølginga er tidsavgrensa. • Samtaleoppfølging skjer fortrinnsvis på kontor, eller ved heimebesøk. • Tenesta kan tilby aktivitetstilbod på dagtid (Samdriv). • Tenesta skal evaluerast jamleg.
Innhald i tenesta	• Kartlegging av tenestemottakar sin situasjon, og saman definere mål for oppfølginga. • Rettleie tenestemottakar i å meistre eigen kvardagen på best mogleg måte. • Halde fokus på det som er «her og no», og å tenkje framover. • Eksponeringstrening etter avtale. • Samarbeid med aktuelle instansar ved behov. • Samtale/støtte til pårørande.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Diagnostisering og behandling. • Hjelp til handling. • Skyss/transport.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i møte med tenestemottakar. • Dersom hjelpa ikkje kan gjevast til avtalt dag/tidspunkt vil tenestemottakar få tilbod om anna dag/tidspunkt.
Forventningar til tenestemottakar	• Det vert lagt til grunn at tenestemottakar er aktivt medverkande i eige endringsarbeid. • Tenestemottakar opptrer på ein respektfull måte i møte med tenesteytar. • Tenestemottakar gir beskjed i god tid på førehand dersom ein vert forhindra frå å møte til avtale.
Merknad	• Kommunen har tilbod om psykologteneste. • Sjå her for meir opplysningar.

2.3.10 Individuell plan og barne-/koordinator	
Lovheimel	- Pasient- og brukarrettslova §§ 2-5 om individuell plan, 2-5 b om koordinator og 2-5 c om barnekoordinator. - Helse- og omsorgstenestelova §§ 7-1 om individuell plan, 7-2 om koordinator, og 7-2 a om barnekoordinator.
Klageveg	- Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. - Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	Individuell plan og koordinator registrerast med avkryssing.
Eigenbetaling	Det krevjast ikkje eigenbetaling.
Mål for tenesta	Individuell plan: - Vere eit planleggingsdokument og ein strukturert samarbeidsprosess. - Bidra til ei heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod. - Sikre at det til ei kvar tid er ein tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølginga av planen. - Kartlegge mål, ressursar og behov for tenester, og vurdere og koordinere tiltak. - Styrke samhandlinga mellom tenesteytarar og den det gjeld og eventuelt pårørande. - Sikre samhandlinga mellom ulike tenesteytarar. - Bidra til at tenester vert ytt tverrfagleg og strukturert. Koordinator: - Syte for naudsynt oppfølging av den enkelte pasient eller brukar. - Sikre samordning av tenestetilbodet. - Sikre framdrift i arbeidet med individuell plan. Barnekoordinator: - Koordinere det samla tenestetilbodet. - Ha oversikt over og bidra aktivt til å ivareta kommunen sitt ansvar for naudsynt oppfølging og tilrettelegging for familien og barnet i form av tilbod om eller yting av helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. - Syte for at familien og barnet får naudsynt informasjon og heilskapleg rettleiing om helse- og omsorgstenestetilbodet, andre velferdstenester og relevante pasient- og brukar-organisasjonar. Syte for at familien får rettleiing i deira kontakt med desse. - Sikre framdrift i arbeidet med individuell plan.
Kriterium for tildeling	Koordinerande eining tildeler individuell plan og/eller koordinator/barnekoordinator etter meldt eller kjent behov. Individuell plan og koordinator: - Pasienten eller brukaren har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester. «Langvarige» tenester tyder at behovet reknast å strekke seg over ei viss tid, men utan at det må vere permanent. «Koordinerte» tenester betyr at behovet gjeld to eller fleire helse- og omsorgstenester frå fyrste- og/eller andrelinjetenesta. - Pasienten eller brukaren må sjølv ynskje individuell plan og koordinator.

	• Ein kan få tildelt koordinator sjølv om ein ikkje ynskjer individuell plan, men ikkje omvendt. Barnekoordinator: • Familien har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. • Barnet vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferds-tenester. • Den som samtykker på vegne av barnet må ynskje dette.
Praktiske opplysningar	• Askvoll kommune nyttar Visma Flyt Samspill til arbeid med individuell plan. • Deltakarar i planarbeidet utgjere ansvarsgruppa, og er samtykkebasert. • Individuell plan, koordinator eller barnekoordinator fører ikkje til ein rett til konkrete tenester, men ansvarsgruppa kan tilrå tiltak og tenester.
Forventningar til barne-/ koordinator	• Set i gong med arbeidet med individuell plan • Kallar inn til ansvarsgruppemøter i samarbeid med tenestemottakar og eventuelt pårørnde. • Halde minimum eitt årleg ansvarsgruppemøte. • Dersom tenestemottakaren har individuell plan skal denne nyttast som verkty og oppdaterast i møtet.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med innhald i vedtak. • Vere ein aktiv deltakar i ansvarsgruppa og i utarbeiding av planen. • Aktivt nytte Visma Flyt Samspill.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.4 Trinn 4 – «Eg er avhengig av hjelp heime».

2.4.1 Avlasting utanfor institusjon	
Lovheimel	- Helse- og omsorgstenestelova § 3-1, 3-2 og 3-6. - Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1 og 2-8.
Klageveg	- Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. - Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	- Ja - IPLOS tenestetype: 07 Avlasting utanfor institusjon
Eigenbetaling	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	- Tenesta vert primært ytt til foreldre/føresette som har barn med eit helse- og omsorgsbehov. - Avlasting utanfor institusjon er ei teneste som i hovudsak rettar seg mot pårørande. - Målet med tenesta er å avlaste private omsorgsytarar frå særleg tyngande omsorgsoppgåver.
Kriterium for tildeling	- Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. - Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. - Omsorgsarbeidet som vert ytt måtte elles blitt ytt av helse- og omsorgstenestene i kommunen. - Omsorgsarbeidet skal vere «særleg tyngande». I denne vurderinga vektlegg kommunen følgjande moment: - Omfanget av arbeidet. - Fysisk og/eller psykisk belastning. - Varigheita på arbeidet. - Når på døgnet arbeidet må ytast. - Omsorgsytar sin livs-, arbeids- og familiesituasjon. - Omsorgsplikt. - Når den som treng hjelpa er eit barn, må omsorgsbehovet klart overstige det forventede omsorgsbehovet for born på same alder. - Omsorgsbehovet er slik at det fører til avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for omsorgspersonen/-ane. - Avlastinga vil kunne førebyggje meir omfattande hjelp frå kommunen. - Når den som treng hjelpa er eit barn, skal barnet blir høyrte, med mindre særskilte tilhøve tilseier at barnet ikkje kan uttale seg. Born over 12 år si meining skal tilleggast stor vekt, og kommunen skal legge vekt på barnet sitt beste.
Praktiske opplysningar	- Kommunen vurderer avlastingstenester opp imot andre tenester frå kommunen. - Det vert ikkje ytt avlastingstenester på høgtidsdagar. - Den som treng omsorga må sjølv ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar og eventuelle hjelpemiddel.
Innhald i tenesta	- Ved avlasting utanfor institusjon overtek kommunen helse- og omsorgsarbeidet fullt og heilt i korte periodar. Periodane kan vere frå timar til heile døgn. - Avlasting utanfor institusjon vert primært ytt ved at det vert engasjert ein person som har barnet i sin eigen heim. - Avlastinga kan òg ytast i den som har hjelpebehovet sin heim.

Forventningar til tenesteytar	• Omsorga skal ytast på ein god og forsvarleg måte. • Avlastar tek imot rettleiing frå foreldre/føresette eller annan omsorgsperson. • Avlastar opptrer respektfullt ovanfor både den som har hjelpebehovet, og for den/dei pårørande. • Bidreg i utarbeiding av ein plan for avlasting. • Set seg inn i oppdragsavtalen.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket. • Er ansvarleg for verdigjenstandar og utstyr til fritidsaktivitetar som vert sendt med på avlasting. • Syte for transport til og frå avlasting, samt transport av eventuelt naudsynt utstyr.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.4.2 Avlasting i institusjon

Lovheimel	• Helse- og omsorgstenestelova § 3-1, 3-2 og 3-6. • Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1 og 2-8.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 08 Avlasting utanfor institusjon, herunder ○ 08.1 Avlasting i institusjon – rullerande ○ 08.2 Avlasting i institusjon – ikkje rullerande
Eigenbetaling	• Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	• Avlasting i institusjon er ei teneste som i hovudsak rettar seg mot pårørande. • Målet med tenesta er å avlaste private omsorgsyttarar frå særleg tyngande omsorgsoppgåver.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Omsorgsarbeidet som vert ytt måtte elles blitt ytt av helse- og omsorgstenestene i kommunen. • Omsorgsarbeidet skal vere “særleg tyngande”. I denne vurderinga vektlegg kommunen følgjande moment: • Omfanget av arbeidet. • Fysisk og/eller psykisk belastning. • Varigheita på arbeidet. • Når på døgnet arbeidet må ytast. • Omsorgsyttar sin livs-, arbeids- og familiesituasjon. • Omsorgsbehovet er slik at det fører til avgrensa moglegheit til naudsynt og regelmessig ferie og fritid for omsorgspersonen/-ane. • Avlastinga vil kunne førebyggje meir omfattande hjelp frå kommunen. • Den som har hjelpebehovet, og som har samtykke- kompetanse, må sjølv ynskje tenesta.
Praktiske opplysningar	• Avlasting i institusjon vert ytt ved Askvoll Omsorgssenter. • Avlastinga er tidsavgrensa, og kan bli gitt rullerande. • Avlastingsopphald vert ikkje tildelt meir enn 1 veke per månad. Det kan vere aktuelt å kombinere avlastingsopphald med anna type opphald i institusjon. • Det vert ikkje tildelt avlasting i institusjon i høgtider, og under ferieavviklinga om sommaren kan tilbodet vere avgrensa. • Avlasting i institusjon tel med i summen av døgn i institusjon per kalenderår, etter forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester § 6, tredje ledd. • Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje er i regi av institusjonen. • Kommunen vurderer avlastingstenester opp imot andre tenester frå kommunen. • Den som treng omsorga må sjølv ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar og eventuelle hjelpemiddel.

	• Omfang og innhald vert individuelt tilpassa i samråd med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet, etter faglege vurderingar. • Den som treng omsorga må pårekne å måtte dele rom med andre under avlastingsopphaldet.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Tilbodet inneheld ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte. • Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar. • Omsorga skal ytast på ein god og forsvarleg måte.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket. • Utfører sjølv det han/ho meistrar sjølv. • Syte for at private klede er merka med namn. • Private klede bør tole vask på 60 grader. • Er ansvarleg for transport til og frå avlastingsopphaldet, samt transport av eventuelt naudsynt utstyr. • Er ansvarleg for verdigjenstandar og utstyr som vert sendt med på avlasting.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.4.3 Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1 og 2-1 d. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1, 3-2, pkt. 6, bokstav b, og 3-8. • Rundskriv nr. I-9/2015: "Rettighetsfesting av brukerstyrt personlig assistanse (BPA)".
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetyp: 03 Praktisk bistand: brukerstyrt personlig assistanse
Eigenbetaling	• Etter forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester, kap. 2, kan det krevjast eigenbetaling for praktisk bistand som ikkje er til personleg stell og eigenomsorg.
Mål for tenesta	• Bidra til at tenestemottakar får leve og bu sjølvstendig i eigen heim. • Bidra til at tenestemottakar kan ha eit aktivt og meningsfylt liv til tross for si funksjonshemming. • Bidra til at familiar med barn med nedsett funksjonsevne kan oppleve størst mogleg grad av likeverd, likestilling og samfunnsdeltaking. • Bidra til at tenestemottakar får større moglegheit til å ta ansvar for eige liv og eiga velferd.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må ha rett til helse- og omsorgstenester frå kommunen, etter pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Tenestemottakar må vere under 67 år. • Tenestemottakar må ha eit bistanndsbehov på minst 25 timar per veke. Dersom tenestebehovet er mellom 25 og 32 timar, kan kommunen gje avslag på brukarstyring av den personlege assistansen dersom kommunen kan dokumentere at ei slik organisering vil vere vesentleg meir kostnadskrevjande. • Tenestebrukar sitt bistanndsbehov må vere langvarig (minimum 2 år). • Tildeling av tenesta skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama ved tildelingskontoret, og som fattar einskildvedtak. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må vere i stand til å ta i vare rolla som arbeidsleiar, eller ha ein nærstående person som kan vere arbeidsleiar. • Tenestebrukar må bu og opphalde seg i kommunen.
Praktiske opplysningar	• Askvoll kommune driftar ikkje BPA sjølv, og har konsesjonsavtalar med ulike leverandørar som tenestemottakar må velje mellom. Leverandøren av tenesta har arbeidsgjevaransvaret. • Kommunen har ansvar for at tenestene er forsvarlege, etter helse- og omsorgstenestelova § 4-1. • Arbeidsleiar har ansvar for dagleg drift av ordninga. • Dersom arbeidsleiar, heilt eller delvis, er ein annan en brukar sjølv, skal denne vere ein person som er tilstrekkeleg nær den daglege tenesteytinga, slik at reell brukarstyring vert sikra. • Arbeidsleiar må gjennomføre arbeidsleiar kurs før oppstart av ordninga. • Arbeidsleiar vert ikkje løna.

Innhald i tenesta	• Bistand til eigenomsorg og personleg stell (personretta praktisk bistand). • Praktisk bistand til nødvendig reingjering og anna nødvendig hjelp til praktiske gjeremål i dagleglivet, i heimen og i tilknytning til hushaldninga. • Dersom det er hensiktsmessig skal tenesta innebere opplæring i praktiske gjeremål i dagleglivet. • Sosiale aktivitetar/fritidsaktivitetar.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Retten til BPA omfattar ikkje tenester som krev fleire enn éin tenesteytar til stades, eller nattenester, med mindre brukaren har eit kontinuerleg behov for slike tenester. • Retten omfattar ikkje helsetenester. • Retten omfattar ikkje hjelp i barnhage, på skule, eller i arbeid.
Forventningar til kommunen	• Kommunen har eit system for årleg kontroll og oppfølging av BPA-tenesta til den einskilde tenestemottakar, inkludert kontroll av privat BPA-leverandør. • Samarbeider med BPA-leverandør, og yter bistand til å skaffe assistentar.
Forventningar til tenesteytar	• Har arbeidsgjevaransvar for assistentar. • Syte for tilsettingar i samråd med arbeidsleiar. • Signerer avtale med kommunen og arbeidsleiar om ansvarsfordeling og oppgåver. • Innhentar politiattest på assistentar.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket. • Tenestebrukar eller anna nærståande tek på seg ansvar som arbeidsleiar, og har ansvar for organisering og administrering av tenesta i tråd med rammer i vedtaket. • Syte for at heimen er tilrettelagt slik at assistentane får eit godt arbeidsmiljø, og eventuelt tek initiativ til eller tek imot hjelp til utbetring av bustad. • Gjer kommunen tilstrekkeleg innsikt i BPA-ordninga for å kunne kontrollere at tenestetilbodet er fagleg forsvarleg, og at leverandøren følgjer gjeldande lovverk.

2.4.4 Omsorgsstønad	
Lovheimel	- Helse- og omsorgstenestelova § 3-1, 3-2 og 3-6. - Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1 og 2-8.
Klageveg	- Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. - Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	- Ja. - IPLOS tenestetype: 11 Omsorgsstønad.
Eigenbetaling	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	- Omsorgsstønad er ei teneste som i hovudsak rettar seg mot pårørande. - Omsorgsstønad er meint som ei økonomisk erkjenning til ein privat tenesteytar for særleg tyngande omsorgsarbeid. - Omsorgsstønad kan vere i staden for eller i tillegg til andre helse- og omsorgstenester.
Kriterium for tildeling	- Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk, som resulterer i eit einskildvedtak. - Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. - Omsorgsarbeidet som vert ytt måtte elles blitt ytt av helse- og omsorgstenestene i kommunen. - Omsorgsarbeidet skal vere “særleg tyngande”. I denne vurderinga vektlegg kommunen følgjande moment: - Omfanget av arbeidet. - Fysisk og/eller psykisk belastning. - Varigheita på arbeidet. - Når på døgnet arbeidet må ytast. - Omsorgsytar sin livs-, arbeids- og familiesituasjon. - Omsorgsplikt. - Inntektstap (gjev ikkje automatisk rett på omsorgsstønad). - Både den som yter omsorga, og den som har hjelpebehovet, skal ynskje at omsorgsarbeidet held fram. - Omsorgsstønad skal vere den mest hensiktsmessige måten å yte tenester på. - Den som treng hjelpa må vere heimebuande. - Når den som treng hjelpa er eit barn, må omsorgsbehovet klart overstige det forventta omsorgsbehovet for born på same alder. - Omsorgsyteren si omsorgsevne skal vere det mest føremålstenlege for den som treng hjelpa, og tenesta skal vere forsvarleg. - Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV, men kommunen kan ikkje krevje at søknaden til NAV er ferdig handsama før kommunen handsamar søknad om omsorgsstønad.
Praktiske opplysningar	- Omsorgsstønad vert alltid vurdert opp imot andre tiltak og tenester. - Omsorgsstønad vert tildelt for ein tidsavgrensa periode, og tenesta vert re-vurdert ved behov eller endringar i omsorgssituasjonen. - Omsorgsstønad vert ikkje ytt som godtgjering time for time. - Omsorgsstønad er skattepliktig inntekt. - Det vert laga ein oppdragsavtale mellom omsorgsytar og kommunen, og stønaden vert utbetalt gjennom kommunen sitt lønssystem den 12. kvar månad.

	• Ein avtale om omsorgsstønad er ikkje eit vanleg arbeidstakar-tilhøve, og stønaden gjev ikkje arbeidstakarrettar som yrkesskadeforsikring, tenestepensjon eller sjukepengar. • Omsorgsstønad gjev grunnlag for opptening av pensjonspoeng i folketrygda. • Hjelpstønad frå NAV kjem til fråtrekk i utrekning av omsorgsstønad. Det vert teke omsyn til at hjelpstønaden er skattefri og omsorgsstønad er skattepliktig. Hjelpstønad vert derfor omrekna til eit tenkt bruttobeløp før fråtrekk. Kommunen tek utgangspunkt i 34 % skatt i denne utrekninga. • Dersom ikkje søknaden om hjelpstønad er ferdig handsama hos NAV, tek kommunen utgangspunkt i kva ein trur vil verte resultatet på den søknaden. • Ved utrekning av omsorgsstønad tek kommunen utgangspunkt i tariffløn for assistent med 16 års ansiennitet. • Ved utrekning av omsorgsstønad vert det teke omsyn til andre helse- og omsorgstenester eller pårørandestøttetiltak, som til dømes dersom omsorgsytar mottek avlasting.
Forventningar til tenesteytar/kommunen	• Ved opphald i institusjon i meir enn éi veke vert det gjort trekk i omsorgsstønad (kommunale, fylkeskommunale, private eller statlege). • Kommunen avsluttar omsorgsstønaden umiddelbart og utan skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar fell bort.
Forventningar til tenestemottakar	• Oppdragstakar melder ifrå til kommunen ved endringar i behov, og ved opphald i institusjon. • Oppdragstakar melder ifrå til kommunen i god tid ved planlagt flytting ut av kommunen. • Gjer naudsynt informasjon, og samtykker til at det vert innhenta relevante opplysningar for vurdering og tildeling av tenester. • Set seg inn i oppdragsavtalen. • Set seg inn i vedtaket om omsorgsstønad.
Forventningar til den som har hjelpebehovet	• Set seg inn i vedtaket om omsorgsstønad. • Gjer naudsynt informasjon, og samtykker til at det vert innhenta relevante opplysningar for vurdering og tildeling av tenester.

2.5 Trinn 5 – «Eg treng meir hjelp ein kortare periode».

2.5.1 Korttidsopphald utgreiing og behandling	
Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav c. • Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester, kapittel 1.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 18 Tidsbegrenset opphold – utredning/behandling
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling etter forskrift for eigenandel for helse- og omsorgstenester § 4.
Mål for tenesta	• Føremålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, og vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad. • Er tidsavgrensa til inntil to veker.
Kriterium for tildeling	• Korttidsopphald kan tildelast som eit ledd i utskrivingsprosessen frå sjukehus, før heimreise. Det er kommunen som vurderer omsorgsnivå ved utskrivning, på bakgrunn av helseopplysningar frå sjukehuset. • Tildeling kan òg skje på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk. • Andre relevante tiltak i omsorgstrappa skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgnkontinuerleg opphald for utgreiing og/eller behandling. • Ved behov for observasjon og vurdering må det fyrst avklarast med lege om behovet er av ein slik art at naudsynt helsehjelp må ystast av spesialisthelsetenesta.
Praktiske opplysningar	• Ved meir enn 60 døgn på korttidsopphald i løpet av kalenderåret, vert det kravd eigenandel tilsvarande som for langtidsopphald i institusjon. • Dersom tenestemottakar på korttidsopphald vert innlagt på sjukehus, og rommet vert heldt av i påvente av retur, må tenestemottakar betale for dei døgna han eller ho er på sjukehus. • Eigenbetalinga dekkjer kost, losji og legemiddel under opphaldet. • Den som tek imot korttids plass må ha med seg naudsynt personleg utstyr, hjelpemiddel, og medisinar som ikkje er føreskrive av lege. • Dersom du har multidoser tek du denne med på korttidsopphaldet. • Forlenging av korttids plass og eventuelt behov for endra omsorgsnivå blir kontinuerleg vurdert under opphaldet. • Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av tenester og organisering av desse. • Eigne klede bør tole 60 grader i vask. Askvoll kommune dekkjer ikkje tap av klede og eigendelar, som til dømes tannprotese, høyreapparat, briller, og liknande. • Det er forbode å røyke på rommet, eller andre stader innandørs. • Det er forbode å bruke levande lys. • Det er forbode med husdyr.

Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Transport til og frå opphaldet. • Hjelp til handling/innkjøp. • Frisør og fotpleie.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte. • Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar. • Yte tenester i tråd med vedtak, og mål under opphaldet. • Lage ein plan for opphaldet saman med tenestemottakar og eventuelt pårørende.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjent med innhaldet i vedtaket. • Er delaktig under utarbeiding av plan for opphaldet. • Tenestemottakar utfører sjølv det han eller ho meistrar sjølv. • Syte for at private klede og eigendelar er merka med namn.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.5.2 Korttidsopphald rehabilitering

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav c. • Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester, kapittel 1.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 19 – Tidsbegrenset opphold – habilitering/ rehabilitering
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling etter forskrift for eigenandel for helse- og omsorgstenester § 4.
Mål for tenesta	• Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som har fått nedsett funksjonsevne som følgje av sjukdom eller skade. • Rehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode opp til fire veker, med mål om å sette tenestemottakar i stand til å vinne att funksjonsnivå og evne til eigenomsorg. • Brukar skal kunne reise heim etter avslutta rehabiliteringsopphald.
Kriterium for tildeling	• Korttidsopphald kan tildelast som eit ledd i utskrivingsprosessen frå sjukehus, før heimreise. Det er kommunen som vurderer omsorgsnivå ved utskrivning, på bakgrunn av helseopplysningar frå sjukehuset. • Tildeling kan òg skje på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk. • Andre relevante tiltak i omsorgstrappa skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • For å ha rett på rehabilitering i institusjon må tenestemottakar ha behov for tidsavgrensa rehabilitering, og behovet må vere slik at tenesta ikkje praktisk kan ytast i heimen til tenestemottakar. • Tenestemottakar må vere motivert eller kunne motiverast for rehabilitering, og må vere i stand til å yte eigeninnsats og til å medverke i rehabiliteringsprosessen. • Tenestemottakar må vere tilstrekkeleg medisinsk utgreia. • Der er eit rehabiliteringsbehov som ikkje krev opphald i rehabiliterings-senter på 2. eller 3. linje-nivå.
Praktiske opplysningar	• Ved meir enn 60 døgn på korttidsopphald i løpet av kalenderåret, vert det kravd eigenandel tilsvarande som for langtidsopphald i institusjon. • Dersom tenestemottakar på korttidsopphald vert innlagt på sjukehus, og rommet vert heldt av i påvente av retur, må tenestemottakar betale for dei døgn han eller ho er på sjukehus. • Tenesta er tverrfagleg samansett. • Vi set tydelege eigne mål for opphaldet eller vedlikehalde fysiske, psykiske eller sosiale funksjonar, dermed auke eller vedlikehalde funksjon, og/eller utvikle, oppnå nye ferdigheitar eller andre/nye strategiar for meistring. • Rehabiliteringsopphaldet kan vare opp til fire veker, men blir evaluert fortløpande. • Den som tek imot korttidsplass må ha med seg naudsynt personleg utstyr, hjelpemiddel, og medisinar som ikkje er føreskrive av lege. • Dersom du har multidoser tek du denne med på korttidsopphaldet. • Eigenbetalinga dekkjer kost, losji og legemiddel under opphaldet.

	• Endring frå rehabiliteringsopphald til annan type korttidsopphald eller til langtidsopphald vert kontinuerleg vurdert under opphaldet i dialog med tenestemottakar. • Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av tenester og organisering av desse. • Eigne klede bør tole 60 grader i vask. Askvoll kommune dekker ikkje tap av klede og eigendelar, som til dømes tannprotese, høyreapparat, briller, og liknande. • Tenestemottakar får tilbod om individuell oppfølging av fysioterapeut og/eller ergoterapeut, knytt til kartlegging og trening i daglege aktivitetar. • Sjukeheimslege vurderer tenestemottakar ved innkomst, og gjev oppfølging og tilsyn etter behov under opphaldet. • Det er forbode å røyke på rommet, eller andre stader innandørs. • Det er forbode å bruke levande lys. • Det er forbode med husdyr.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Transport til og frå opphaldet. • Hjelp til handling/innkjøp. • Frisør og fotpleie.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte. • Samarbeider med tenestemottakar om målsetting for opphaldet utifrå vedtaket. • Legg til rette for at tenestemottakar får nytta og trenar opp egne ressursar slik at dei kan reise heim til eigen bustad etter opphaldet. • Legg til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og egne ressursar. • Yte tenester i tråd med vedtak, og mål under opphaldet.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjent med innhaldet i vedtaket. • Er delaktig under utarbeiding av plan for opphaldet. • Tenestemottakar utfører sjølv det han eller ho meistarar sjølv. • Sørge for at private kle og eigendelar er merka med namn.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.5.3 Korttidsopphald anna føremål

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav c. • Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester, kapittel 1.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 20 – Tidsbegrenset opphold – annet.
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling etter forskrift for eigenandel for helse- og omsorgstenester § 4.
Mål for tenesta	• Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ein tidsavgrensa periode. • Oppretthalde og/eller forbetre aktivitetar i dagleglivet og personlege funksjonar for at tenestemottakar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad.
Kriterium for tildeling	• Korttidsopphald kan tildelast som eit ledd i utskravingsprosessen frå sjukehus, før heimreise. Det er kommunen som vurderer omsorgsnivå ved utskriving, på bakgrunn av helseopplysningar frå sjukehuset. • Tildeling kan òg skje på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk. • Andre relevante tiltak i omsorgstrappa skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgnkontinuerlege helse- og omsorgstenester, der føremålet ikkje er utgreiing, behandling eller rehabilitering. Dette kan til dømes vere: ○ Omsorg ved livets slutt. ○ Akutt sjukdom hos privat omsorgsytar. ○ Ved forsinka tilretteleggingstiltak i heimen. ○ I påvente av anna tilrettelagt bustad, når tenestemottakar ikkje kan bu heime. ○ Akutte og særskilte belastningar eller kriser som fører til at tenestemottakar ikkje klarer å ta vare på seg sjølv. ○ Heimetenesta er mellombels ute av stand til å dekke hjelpebehovet.
Praktiske opplysningar	• Ved meir enn 60 døgn på korttidsopphald i løpet av kalenderåret, vert det kravd eigenandel tilsvarande som for langtidsopphald i institusjon. • Dersom tenestemottakar på korttidsopphald vert innlagt på sjukehus, og rommet vert heldt av i påvente av retur, må tenestemottakar betale for dei døgna han eller ho er på sjukehus. • Eigenbetalinga dekker kost, losji og legemiddel under opphaldet. • Den som tek imot korttids plass må ha med seg naudsynt personleg utstyr, hjelpemiddel, og medisinar som ikkje er føreskrive av lege. • Dersom du har multidoser tek du denne med på korttidsopphaldet. • Forlenging av korttids plass og eventuelt behov for endra omsorgsnivå blir kontinuerleg vurdert under opphaldet. • Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av tenester og organisering av desse.

	• Eigne klede bør tole 60 grader i vask. Askvoll kommune dekker ikkje tap av klede og eigendelar, som til dømes tannprotese, høyreapparat, briller, og liknande. • Det er forbode å røyke på rommet, eller andre stader innandørs. • Det er forbode å bruke levande lys. • Det er forbode med husdyr.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Transport til og frå opphaldet. • Hjelp til handling/innkjøp. • Frisør og fotpleie.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte. • Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støtter opp under eigenomsorg og eigne ressursar. • Yte teneste i tråd med vedtak, og mål under opphaldet. • Lage ein plan for opphaldet saman med tenestemottakar og eventuelt pårørande.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjent med innhaldet i vedtaket. • Er delaktig under utarbeiding av plan for opphaldet. • Tenestemottakar utfører sjølv det han eller ho meistrar sjølv. • Syte for at private klede og eigendelar er merka med namn.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.

2.5.4 Døgnopphald i omsorgsbustad med heildøgns tenester

Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav a og b.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 29 Bustad som kommunen disponerer for helse- og omsorgsføremål.
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling etter forskrift for eigenandel for helse- og omsorgstenester § 4.
Mål for tenesta	• Kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, og vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad. • Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som har fått nedsett funksjonsevne som følgje av sjukdom eller skade. • Tenestemottakar skal kunne reise heim etter avslutta opphald. • Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i ein tidsavgrensa periode. • Oppretthalde og/eller forbetre aktivitetar i dagleglivet og personlege funksjonar for at tenestemottakar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad.
Kriterium for tildeling	• Døgnopphald i omsorgsbustad kan tildelast som eit ledd i utskrivingsprosessen frå sjukehus, før heimreise. Det er kommunen som vurderer omsorgsnivå ved utskrivning, på bakgrunn av helseopplysningar frå sjukehuset. • Tildeling kan òg skje på bakgrunn av søknad og kartlegging ved heimebesøk. • Andre relevante tiltak i omsorgstrappa skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgnkontinuerlege helse- og omsorgstenester etter kriterium for korttidsopphald utgreiing og behandling, rehabilitering eller anna føremål, men det vert vurdert som forsvarleg å tilby tenesta i ein omsorgsbustad med heildøgns tenester. • Døgnopphald i omsorgsbustad kan tildelast for å kartlegge tenestemottakar sitt behov for vidare buform. • Døgnopphald i omsorgsbustad kan tildelast i påvente av omsorgsbustad for langtidsleige, der tenestemottakar ikkje kan bu heime i venteperioden.
Praktiske opplysningar	• Tenesta inkluderer naudsynt helsehjelp og praktisk bistand som ved korttidsopphald i institusjon. • Omsorgsbustaden er enkelt møblert. • Omsorgsbustaden skal vere røykfri. Om ein har røykt i bustaden, kan kommunen måle opp att på leigetakar si rekning. • Det er forbode med bruk av levande lys i bustaden. • Det er forbode med husdyr.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Transport til og frå opphaldet. • Hjelp til handling/innkjøp.

	• Utgifter knytt til privat telefonbruk. • Private abonnement, TV, og TV-abonnement ut over tilbodet til omsorgssenteret. • Fotpleie, frisør og anna velværebehandling. • Klede. • Hygieneartiklar, om det er andre merker som institusjonen ikkje nyttar seg av. • Privat fastlege/tannlege. • Tannprotese hos privat tannlege. • Briller og høyreapparat. • Oppbevaring eller erstatning av verdisaker ved tap.
Forventningar til tenesteytar	• Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte. • Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støtter opp under eigenomsorg og eigne ressursar. • Yte teneste i tråd med vedtak, og mål under opphaldet. • Lage ein plan for opphaldet saman med tenestemottakar og eventuelt pårørande.
Forventningar til tenestemottakar	• Gjere seg kjent med innhaldet i vedtaket. • Er delaktig under utarbeiding av plan for opphaldet. • Tenestemottakar utfører sjølv det han eller ho meistrar sjølv. • Syte for at private klede og eigendelar er merka med namn.

2.6 Trinn 6 – «Eg treng hjelp det meste av tida».

2.6.1 Langtidsopphald i institusjon	
Lovheimel	• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd. • Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav c. • Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester, kapittel 1.
Klageveg	• Pasient- og brukarrettslova §§ 7-2, 7-3 og 7-5. • Forvaltningslova §§ 28 – 34.
KPR/IPLOS-registrering	• Ja • IPLOS tenestetype: 21 Langtidsopphold i institusjon
Eigenbetaling	• Det vert kravd eigenbetaling etter forskrift for eigenandel for helse- og omsorgstenester § 3.
Mål for tenesta	• Yte pleie og omsorg til pasientar/brukarar som har eit døgntkontinuerleg behov, som ikkje kan løysast forsvarleg på eit lågare omsorgsnivå.
Kriterium for tildeling	• Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingskontoret og resulterer i einskildvedtak. • Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Ved tildeling av plass på skjerma avdeling er det krav om at brukar har demensdiagnose. • Før tildeling av langtidsopphald i institusjon skal alle andre hjelpetiltak vere vurdert og/eller prøvd ut i eigen heim.
Praktiske opplysningar	• Eigenandelen skal dekke kost, losji, medisinar og lovpålagte helse og omsorgstenester som tilsynslege, fysioterapitenester og tannhelseteneste. • Dersom privat tannlege og/eller fastlege blir valt, må tenestemottakar betale dette sjølv. • Tenestemottakar, pårørande eller verje skal melde flytting til Folkeregisteret, Posten m.m. • Langtidsopphald i institusjon kan endrast til eit lågare omsorgsnivå dersom tenestemottakar si helse og funksjonsnivå endrar karakter, slik at heildøgns omsorg ikkje lenger er naudsynt. • Tenestemottakarar som kvalifiserer til langtidsopphald i institusjon, kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er ledige plassar, jf. Forskrift om venteliste. • Ved tildelt langtidsopphald må tenestemottakar kunne pårekna å bli flytta mellom ulike avdelingar ved endring i omsorgsbehov. Opplysningar kring dette vert formidla i vedtak, og i samtalar. Dette for og gje eit best mogleg tilrettelagt tilbod for alle bebuarane på omsorgssenteret. • Det er forbode å røyke på rommet, eller andre stader innandørs. • Det er forbode å bruke levande lys. • Det er forbode med husdyr.
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	• Utgifter knytt til privat telefonbruk. • Private abonnement, TV, og TV-abonnement ut over tilbodet til omsorgssenteret. • Fotpleie, frisør og anna velværebehandling. • Klede. • Hygieneartiklar, om det er andre merker som institusjonen ikkje nyttar seg av. • Privat fastlege/tannlege.

	• Tannprotese hos privat tannlege. • Briller og høyreapparat. • Oppbevaring eller erstatning av verdisaker ved tap.
Forventningar til tenesteytar	• Yte fagleg forsvarlege tenester. • Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte ovanfor tenestemottakar og pårørande. • Legge til rette for at tenestemottakar skal få utnytte sine ressursar og legge til rette for å oppnå optimalt funksjonsnivå.
Forventningar til tenestemottakar	• Tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistarar. • Rommet kan møblerast i samråd med institusjonen. • Pårørande må som hovudregel fylgje tenestemottakar til tannlege, undersøkingar, kontrollar m.m. • Private eigendelar er ikkje forsikra av kommunen, så det kan vere fordelaktig å teikne eiga innbuforsikring. • Sørge for at private klede er merka med namn. • Private klede vert vaska ved eigen vaskerisentral på omsorgssenteret. Kleda må tole maskinvask på 60 grader og ikkje farge av. Dersom det er ynskjeleg å kjøpe klede som ikkje toler denne behandlinga må pårørande syte for vask av desse kleda. Kommunen erstattar ikkje klede som forsvinn eller blir øydelagt i vask. Hugs at også nye klede må merkast.
Merknad	• Sjå her for meir informasjon.